

Hilleren Prosjektering AS
 Skulebakken 2-4
 5355 KNARREVIK

Referanser:
 Dykkar:
 Vår: 21/5935 - 21/46434

Saksbehandlar:
 Linda Hammersvik Folkestad
 linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
 28.06.2021

Tillatelse til etablering av ny avkjørsle frå kommunal veg - Gbnr 333/2 Sjurdal

Tiltak: Etablering av ny avkjørsle frå kommunal veg
Byggstad: Bjørndalsvegen 310 - Gbnr 333/2 Sjurdal
Tiltakshavar: Kjetil Brakstad
Ansvarleg søker: Hilleren Prosjektering AS v/Snorre Kleppe

Saka gjeld søknad om løyve til å etablere ny avkjørsle frå kommunal veg – Gbnr 333/2 Sjurdal.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det søkes om ny avkjørsel for eiendommen i forbindelse med oppføring av nytt våningshus på eiendommen. Eksisterende våningshus blir revet, og nytt føres opp på samme plass. Tiltakshaver ønsker da å anlegge ny vei til det nye våningshuset.

Vurdering/drøfting:

Kommunal veg er etablert som ei eitfeltsveg med to køyreretningar. Fartsgrense langs vegen følgjer av vegtrafikkloven § 6. Ihht til loven er fartsgrense satt til 80 km/t. Reell fart vil være noe lavere.



Avkjørsle er tenkt plassert på eit rett strekk som kan innby til høg fart forbi avkjørsla.


Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
 Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det er ikkje levert inn lengdeprofil for avkjørsla. Avkjørsle må etablerast ihht detaljteikninger som vist under.
Sikt i avkjørsle skal opparbeidast ihht Vegenormal N 100.

Detaljteikning for avkjørsle



Lengdeprofil for avkjørsle



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje løyve til etablering av ny avkjørsle på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev, med heimel i Veglova § 40 til 43 med tilhøyrande regelver, løyve til etablering av ny avkjørsle frå kommunal veg. Løyve vert gitt på vilkår.

Løyve til å etablere ny avkjørsle vert gitt på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal opparbeidast slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av Vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt Vegenormal N 100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Geometrisk utforming av avkjørsle skal være som vist i detaljteikninger. Svingradius i avkjørsla er sett til minimum $R = 4$ meter.
- Sikt i avkjørsle er satt til minimum 4×45 meter. Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikhindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vognnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Under avkjørsla skal det leggast ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200 mm. Dreneringsrør skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.
- Når avkjørsle er ferdig opparbeida skal kommunen ha melding om dette.

Utfyllande informasjon om krav om utforming av avkjørsle er å finne på kommunen sin heimeside:

www.alver.kommune.no

Vedtaket gjeld løyve til avkjørsle. Vi gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova. Byggeløyve for utbetring av avkjørsle vert handsama av byggesak.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er

postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hilleren Prosjektering AS

Skulebakken 2-4 5355

KNARREVIK